



Skulereglar

Formål

Skulereglane skal bidra til at elevane på Vardheia har eit trygt og godt skulemiljø, som skaper trivsel, inkludering og gir eit godt grunnlag for læring

Reglar for oppførsel

Elevane skal:

- delta i opplæringa
- behandle alle med respekt
- bidra til eit godt læringsmiljø
- rette seg etter beskjedar frå dei tilsette på skulen
- ta godt vare på eigedelane til skulen, og la andre sine vere i fred

Det betyr

- At mobil er heime eller blir levert inn
- At du deltek aktivt i undervisninga og bidreg positivt i klassen
- At du går på do i friminutt
- At du er ein god klassekamerat og bidreg til tryggleik og trivsel hos alle

Reglar for orden

Elevane skal:

- møte presis til timane
- ha med nødvendig utstyr
- bidra til orden i undervisningsrom og fellesareal

Det betyr

- At du hentar bøker/utstyr som du treng i skapet når du kjem om morgonen
- At iPaden er fullada når du kjem på skulen
- At du kjem til rett tid til alle timar og at du ikkje forlèt undervisninga utan det er avklart med lærar
- At du kastar boss der det skal og at du bidreg i rydding av undervisningsrom og fellesareal

Oppførsel som ikkje blir akseptert

- mobbing
- å utøve eller true med fysisk eller psykisk vald
- dårleg oppførsel, krenkjande åtferd mot elevar eller tilsette